

Vår sakshandsamar
Steinar Nilsen 90564495

Vår dato
24.06.2015

Vår referanse
2012/4362-41/345

Tidligere dato
30.04.2015

Tidligere referanse
201502028-4

Til
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til konsesjonssøknad - 132 kV kraftleidning Dalsbotnfjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon

Forsvarsbygg viser til oversending av konsesjonssøknad frå Zephyr AS for å byggje ein ny 132 kraftleidning frå planlagde Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen kommune i Sogn og Fjordane til Frøyset transformatorstasjon i Masfjorden kommune i Hordaland fylke. Forsvarsbygg koordinerer Forsvaret sine fråsegner til saker som vert behandla etter energiloven.

Konsesjonssøklar legg opp til å krysse Austgulfjorden med eit høgt og langt luftspenn (1,4 km), som vil vere farleg for alle lågtflygande luftfartøy.

Forsvarsbygg vil bede om at konsesjonssøklar blir pålagd å utgreie ei alternativ kryssing av fjorden jamsides med den eksisterande kraftlinjekryssingen, rett vest kryssinga det er søkt om. Fjorden har allereie tre separate luftspenn, og dette vil forhindre eit fjerde spenn over fjorden. Den planlagde traseen gjev òg eit langt og høgt luftspenn mellom fjelltoppane Varden og Bufjellet sør for Austgulfjorden.

Tiltakshavar bør derfor legge om heile traseen nord og sør for Austgulfjorden for å unngå desse lange, høge og trolige kostbare luftspenna.

Forsvarsbygg støttar forslaget i pkt 4.4 i konsesjonssøknaden om å vurdere å fjerne jordlinja plassert 4-4,5 meter over dei strømførande linjene. Kollisjonsrisikoen for fugl vil vere den same for lågtflygande fly/helikopter.

For anlegg av kraftlinjer gjeld generelt desse prinsippa:

Kraftleidningar og master bør vere mest mogleg synleg for lågtflygande fly/helikopter, særleg ved dårlege sikt. Kraftlinjene må derfor ikkje kamuflerast. Merk at dette tryggleiksprinsippet ofte kjem i konflikt med ønsket om å minske den visuelle verknaden av anlegget i landskapet. Kraftlinjene bør ikkje krysse dalar, elvar og vatn meir enn absolutt nødvendig. Kraftlinjene er spesielt farlege for lågtflygande fly/helikopter ved krysningpunktene. Kraftlinjemaster og eventuelle lengre luftspenn skal rapporterast med stor nøyaktigheit både i x, y og z aksene. Kraftlinjemaster og luftspenn skal merkast etter føresegnene i *Forskrift om rapportering og registrering av luftfartshindre (BSL E 2-1)*.

Postadresse	Fakturaadresse	Telefon	E-postadresse	Org. nr.
Postboks 405 Sentrum 0103 Oslo	Fakturasenteret Postboks 4394 2308 Hamar	815 70 400 Telefaks 23 09 78 03	post@forsvarsbygg.no Internett www.forsvarsbygg.no	975 950 662 Bankkonto 4714 10 00280

Bjørn Bergesen

Seksjonssjef arealplan
Forsvarsbygg eiendom

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.

Kopi til:

Forsvarsstaben Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMMER
